

Helse Vest RHF
Att. Synnøve Serigstad
Postboks 303, Forus
4066 Stavanger

MOTTATT

03 FEB 2014

Dykkar ref: 2012/105 -
4728/2013

Vår ref: 2013/3254-
2878/2014

Kari Ugland, tlf 52732119

Haugesund,
31.01.2014

Høyring - retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest

Helse Fonna har teke del i arbeidet med utforming av nye og felles retningslinjer for brukarutval i Helse Vest. Forslaget som ligg føre er godt gjennomarbeidd og vil bidra til ei tydeleggjering av ansvar og oppgåver som er lagt til brukarutvalet. Helse Fonna støtter forslaget med unntak av eit forhold knytt til honorering av leiar og nestleiar.

Vi kommenterer her dei områda som me er bedt om å gi innspel til.

Punkt 3 «Samansetting».

Helse Fonna støtter forslaget om at Kreftforeningen skal representerast i brukarutvalet.

Kreftpasientane utgjør ei stor og veksande gruppe som også har eitt breitt erfaringsgrunnlag med helsetenesta. Kreftforeningen representerer både kvinner og menn i tillegg til alle aldersgrupper. Det siste er særleg viktig med omsyn til barn og unge, som elles i liten grad blir teke i vare og fokuserte i arbeidet med brukarmedverknad.

Punkt 5.3 «Forholdet til styret i helseføretaket».

Helse Fonna støtter forslaget.

Brukarutvalet er, slik dokumentet beskriv i punkt 5.3, sikra moglegheit til å fremje sine syn i aktuelle saker.

Punkt 7.1 «Godtgjersle»

Helse Fonna støtter forslaget til honorering med unntak av ulikskapen i godtgjersle til leiar og nestleiar i føretaka. Arbeidsmengde og oppgåver vil ikkje være vesentleg ulike i store og mindre føretak og godtgjersla bør være lik for alle.

Helse Fonna HF



Olav Klausen
Adm. Direktør